

Avskilting av lærarane

Gjennom endring av forskrift til Opplæringslova har Stortinget bestemt at alle lærarar i grunnskulen som underviser i faga norsk, engelsk, matematikk, samisk og teiknspråk må ha minimum 30 studiepoeng i faga på barnetrinnet, eller 60 studiepoeng på ungdomstrinnet.

Mot all sedvane er denne forskriftsendringa gitt tilbakeverkande kraft. Det vil seie at alle lærarar som tidlegare har hatt godkjent kompetanse ikkje no lenger har det.

Endringa i forskrifta har ført til mange problem for norske kommunar og arbeidstakarar som styresmaktene ikkje har teke omsyn til.

For arbeidstakarane er dette eit problem fordi dei no misser opparbeidde rettar i arbeidslivet. Dei har tidlegare vore kompetente til å undervise i faga. Det er det mange av dei som ikkje er lenger. Tala frå GSI (grunnskolen sitt informasjonssystem) viser at mellom ein tredjedel og halvparten av norske lærarar med eit pennestrøk er blitt ukvalifiserte. For Sogn og Fjordane sin del så snakkar vi om over halvparten, og på enkelte skular nesten heile kollegiet. Dette eit problem i og med at arbeidsmarknaden ikkje lenger er mobil. Lærarar kan ikkje bytte arbeid, då dei ikkje vil bli tilsett av ny arbeidsgjevar fordi dei ikkje er kvalifiserte.

For arbeidsgjevarane representerer dette eit problem fordi dei er pålagde å gjennomføre denne kompetansehevinga av i utgangspunktet godt kvalifiserte arbeidstakarar. Rett nok stiller staten med midlar, men som vanleg ikkje tilstrekkeleg. Norske kommunar må difor ta ein stor del av denne kostnaden i allereie sparsame budsjett. Det er betre å gje lærarane ein rett til kompetanseheving, enn å avskilte dei med eit pennestrøk. Både lærarane og kommunane vil vere tente med det.

For elevane og skulane er dette eit problem fordi mellom ein tredel og halvparten av norske lærarar må no innan ti år vidareutdanne seg i fag dei tidlegare har vore kompetente til å undervise i. Når alle desse lærarane skal på vidareutdanning må elevane ha inn vikarar. Desse er som oftast ukvalifisert arbeidskraft, utan pedagogisk utdanning eller røynsle.

Til sjuande og sist er dette også eit samfunnsøkonomisk spørsmål. Har vi råd til det, og er dette ei rett prioritering av avgrensa økonomiske ressursar. Vi skal ha god råd viss vi skal bruke ti år, og tallause milliardar på å kvalifisere allereie kvalifisert arbeidskraft.

Vi ber difor styresmaktene om å vere kloke. Den norske lærarstanden var kompetente. Dei er framleis kompetente. La oss få undervise i framtida.

Norske lærarar ønskjer etter- og vidareutdanning. Men dette er meningslaust og det er ingenting som tilseier at norske elevar vil ha eit utbytte av slik målstyrt politikk. Før pragmatisk politikk!